

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1258
5943 Austrheim

Vaksinér deg mot influenza og Covid!



Vaksinering i Austrheimhallen

torsdag 24.10 og torsdag 7.11
kl. 16.30-18.30, for alle i
målgruppene:



- Alle over 65 år
- Gravide i 2. eller 3. trimester
- 18-64 år og i risikogruppe (sjå heimesida)
- 12-17 år med alvorleg grunnsjukdom
- 5-11 år med alvorleg grunnsjukdom og legevurdering

For meir informasjon om vaksineringa, følg med på kommunen si nettside/Facebook-side, og oppslag på Mastrevik Torg.

Vel møtt til vaksinasjon!

Austrheim legekantor



fhi.no/influenzavaksine



Kyrkjebakken nr. 7 – 2024 – septembernummeret – årgang 53- Nytt stoff innan 18. oktober



Konfirmantpresentasjon

KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn



Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Bodil Monslau 414 57 215
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale
Kyrkjeverje:

Bustadtelefonar:

Stein Hugo Fykse	909 60 154
Kyrkjeverje Leif Arne Økland	40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog	
Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar	
Helge Dyrkolbotn	41 66 26 10

Redaksjonen

Epost kyrkjebakken:
kb.austrheim@kyrkja.no

Utgjevar:	Austrheim sokneråd
Redaktør:	Jostein Hauge,
Redaksjon:	Jorunn Kårdal, Britt Rebnord, Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim
Trykk og Design Trykk-Service as

Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside, facebook og plakater for eventuelle endringar.

Torsdag 26.sept:

Konfirmantundervisning
kl. 18.00 Kyrkjelydhuset

Fredag 27.sept:

Pyjamasfest for 3 og 4-åringar
i kyrkja kl. 17.30

Søndag 29.sept:

Familiegudsteneste kl. 12.00

Søndag 06.okt:

Gudsteneste kl. 12.00 – 50-årskonfirmantar

Søndag 20.okt:

Gudsteneste kl. 12.00

Søndag 03.nov:

Helgemesse kl. 19.30

BYGDETREFF kl. 11 - 13:

Onsdag 25.sept
Onsdag 30.okt
Onsdag 27.nov

NÅDE

Om vi skulle drista oss til gi uttrykk for kva kristentrua handlar om med eit einaste ord, kva ord ville det i såfall vere, - for deg, - for meg?

Eg har kome til at det må bli ordet nåde.

Det er ikkje utan grunn at det nettopp er nådehelsinga som møter oss først i gudstenesta.

Før vi «bøyer oss for Gud og sannar syndene våre», så kjem Gud oss i møte med sin nåde:

«Nåde vere med deg og fred frå Gud vår Far og Herren Jesus Kristus»

Nåden er **evangeliet i ein sum**. Nåde er det **viktigaste** og eit av dei **mest anvendte** orda i vår Bibel.

Johannes evangeliet talar om **nåde over nåde**. Han seier: «Av hans fullnad har vi alle fått, nåde over nåde.»

Kven er **du**? Kven er **eg**?

Du er den som Jesus elsker –
eg er den som Jesus elsker.

Det er Nåde. Nåde over nåde.

Her er vår djupaste identitet. Ikkje i titlar eller prestasjonar, ikkje i familieforhold eller formue, - eller i noko anna.

Dette eine er nok, langt meire enn nok, og det held i tida og den dagen vi blir kalla ut av tida.

Du er den som Jesus elsker! Nåde over nåde.

Salme nr 322 i salmeboka gjev uttrykk for nåden slik:

«Stor er din trofasthet, Herre og Fader, skiftende skygge når aldri din sti. Du er den samme, din miskunn er evig, slik som du var, skal du alltid forbli. Stor er din trofasthet, stor er din trofasthet, dag etter dag ga du nåde på ny. Himmelske hender gir alt eg behøver. Trofaste Herre, hos deg har eg ly.»

Stein Hugo Fykse





ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

Heilside	1000,-
Halvside	500,-
1/3 side	350,-
1/4 side	250,-
Små annonser	150,-
Takkeannonser	GRATIS!

ØNSKEKONSERTEN



Velkomen til ein ny runde med Ønskekonsertar på Årås bedehus.

Her vert det god allsong-faktor frå songboka, andakt og kaffimat.

Ta med ein ven, og bli med!

-måndag 23.sept. kl.17.00

-måndag 21.okt. kl.17.00

-måndag 18.nov. kl.17.00

UTGJEVINGSPLAN KYRKJEBAKKEN

Frist innlevering:

18.oktober
15.november
17.januar

Kyrkjebakken kjem ut:

30.oktober
27.november (julenummer)
29.januar




KILSTRAUMEN
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM




Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no

Takke annonsar

Hjartleg takke

for minnegåva som vart gitt til Nordliheimen i samband med gravferda til Erling Solheim.

Takksame helsingar frå personalet og bebuarane ved Nordliheimen.



Takke

til diakoninemnden for besøk og sjokolade. Takk til alle som Viste meg oppmerksomhet i anledning min 80 årsdag.

Gro J.

Hjartleg takke

for all omtanke, deltaking og blomsterhelsingar ved vår kjære mor Nora Hauge sin bortgang. Takk for gåver til SOS-barnebyer. Takk til personalet på Nordliheimen for god pleie og omsorg. Takk til Vatne begravelsesbyrå, prest Magne Bjørndal, solist Tore Kloster og organist Jostein Hauge for ein fin seremoni.

Emma, Oddny og Wenche med familiar.

Tusen takke

til kyrkjeprydna for gåva på 31000 kr til kyrkja. Vi set stor pris på arbeidet de gjer.

Takke

til diakoninemnda for hjartesjokoladen og fekk til 80-årsdagen min.

Helsing Rolf Eriksen

Tusen takke

Kyrkjeprydna har hatt loddsalg, Og i den anledning vil vi rette en takk til alle som kjøpte lodd, Og takker også både privatpersoner og næringsliv som støttet oss med gevinster. TUSEN TAKK.

Helsing Austrheim sokneråd

Austrheim sokn

Gravlagd

03.09.24: Toralf Olsson	f.1942 (bisetjing)
13.09.24: Anne Margrete Bakke	f.1936
19.09.24: Trygve Njøten	f.1941

Takke

Ei varm takk til kvar og ein som kom og var med oss i bisettelsen til Toralf i Austrheim kyrkje 3. sept. Likeså ei stor og varm takk til Heimesjukepleien, Gallefoss og alle på Nordliheimen. Tusen takk for godt stell, omsorg og støtte, også for oss i familien. TAKK alle sammen.

**Helsing Gyda.
Ann Britt, Geir Tore og
Åshild m/ familiar.**

Stor takke

Vi retter ei stor takk til diakoninemnda for hjartesjokoladen vi fekk i anledning våre årsmølsdagar. Stor takk til Målfrid som kom med sitt gode humør og spreidde fest over dagane våre. Det gleda oss å vera hugsa på.

**Takksam helsing frå Aud og
Gustav Lunde**



DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

*Oppussing av
gravmonumenter*

Utfører vasking,
rensing
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

VATNE

begravelsesbyrå DAHLS

Tlf: **56 35 09 10** (24t)
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalstø
vatne-byra.no

GRAVMINNER

Norsk design og produksjon.
Se på utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ

Varm. Lokal.
Erfaren. Åpen.

Marit K. Haukeland Marita Haukeland Solvi H. K. Mjøs Therese Kvalheim

Tlf: 56 37 14 10 • www.nordh-bb.no • Kyrkjevegen 1, Alversund • Havnevegen 3, Frekhaug



Konfirmantpresentasjon

Eit sikkert haustteikn er at det kjem nye konfirmantar til kyrkja. Søndag 08. september hadde me presentasjon av desse flotte ungdomane som det neste året skal få bli betre kjent med kyrkja, trua og kvarandre. Kvar konfirmant hengde opp eit hjarte med namnet sitt på eit tre, og der skal hjarta henge gjennom heile året. Det har vore ein lang tradisjon at Austrheim og Fedje har felles opplegg, så fedjekonfirmantane kjem inn til kyrkjelydshuset for å vere med på undervisning. Me har allereie hatt vår første samling på kyrkjelydshuset. Det var ei bli kjent samling der dei fekk helse på dei som jobbar her og på dei frivillige som er med for å lage til konfirmantopplegget. I år har me begynt med eit opplegg som heiter DELTA. Det er IKO som har laga flott undervisningsmateriell som me skal nytte oss av. Konfirmantane fekk litt innføring i korleis me skal jobbe, så var det samtalegrupper før dei fekk grillpølser i

matpausen. Så var det leikar etterpå før me hadde det som vert ein fast avslutning med bøn og salme. Det var ein flott gjeng med ungdomar og me hadde det kjekt saman.



Min Salme

Ramona Monslaup



Då eg var yngre syntest eg ofte salmar var trauste og triste. Kvifor ville ein synge slike, når ein heller kunne synge noko mykje kjekkare? Disney for eksempel? Etter kvart som eg nådde tenåra blei salmane me song på Årås bedehus litt kjekkare, men mest fordi eg kunne nå opp til dei lysaste tonane med klar røyst. I dag elsker eg salmar, men av ein heilt annan grunn.

Salmar forkynner evangeliet på ein heilt spesiell måte. Nokre betre enn dei fleste talar eg høyrer. Det er som om vekta av det Jesus gjorde dundrar inn i hjartet og fyller meg opp så det renn over. Det blir så klart for meg kor høgt Gud elsker meg og alle dei rundt meg.

Min favoritt er ein song som først målar fram kor fortapte vi alle er, men når alt verkar som mørkast «har Gud en frelsende tanke». Denne songen veltar fram i svært rare situasjonar. Eg har sunge den med gledesfryd på eit bybanestopp, ropt den høgt i vinden og kviskra den stille frå ein fjellknaus. Om eg er trist, motlaus eller glad så gjer den det same. Det er dette som er å glede seg i Herren alltid- ikkje å alltid være glad, men å glede seg over det Gud har gjort sjølv om andre ting er vanskeleg. For Hans frelseverk er uforanderleg.

Difor er det som om salmen jublar til sjela; Fryd deg menneske, sjå kva Herren har gjort for deg!

Jeg har en venn som har gitt sitt liv for at jeg skal få leve. Det finnes intet alternativ, det nytter ikke å streve. Fordi jeg lever så milevidt i fra Guds vilje med livet mitt, fikk jeg dommen, slik lød den: Du skal dømmes til døden!

Denne dommen er absolutt, og jeg kan ikke anke. Men når jeg innser at alt er slutt, har Gud en frelsende tanke: Til jorden sender Han Jesus som tar på seg både min skyld og dom, og når han drepes uskyldig, blir min dødsdom ugyldig.

Tenk jeg skal ikke dø fordi Jesus døde istedet! All min dødsangst er nå forbi, den er byttet med glede. Ja, Jesus hjelp meg å klart forstå at det livet jeg lever nå, det er ditt liv alene, det er deg jeg skal tjene.

BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER

HOVUDBIBLIOTEKET

Tysdag 10 - 15

Onsdag 14 - 19

Fredag 10 - 15

FONNES FILIAL

Torsdag

i oddeltalsveker 10 - 16

Fonnes filial finn du på Kaland skule.

Inngang ved den gamle

naturfagsalen,

i hjørnet mellom skulen og

barnehagen.

Følg oss gjerne på Facebook.

GOD BOK



KREFTKOORDINATOR:

Tove Kristin Sleire Tistel

Tlf: 40 90 02 16

Sætre marka 2 -k-hus

Tysdag ,Torsdag og Fredag

DEMENSKOORDINATOR:

Åshild Sandvin Olsson

Tlf: 96 62 66 56

Sætre marka 2 -K-Hus

Tysdag , Onsdag og Torsdag

LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgnet.

Legevakt 116117

AUSTRHEIM LEGEKONTOR

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

08.30- 15.00

Telefontid: 08.30 - 12.00 og

13.00 - 14.00.

Torsdag er telefontida frå kl. 09.30

**INGEN RESEPTBESTILLING
MÅNDAGAR!**

ÅRÅS HELSESTASJONEN

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13



TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen
/kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

Forvaltningskontoret : 56 16 21 42
56 16 21 38

Høyrselekskontakt i
Austrheim 56 16 21 23

Mastrevik torg
Velkommen til ein god handel!

Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gåve/Glas - Gardiner/Utstyrsvare - Bokhandel/Leikar
Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Fargehandel - Båt/Fiskeutstyr



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.

Bosch Service
Fosnøy Bilsenter
Tlf: 56 16 75 50
Mastrevik



DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller

SKARSVÅG
Rør og Interiør as

Panasonic
Varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking, rensing og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

VATNE

begravelsesbyrå DAHLS

Tlf: **56 35 09 10** (24t)
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsto
vatne-byra.no

GRAVMINNER

Norsk design og produksjon.
Se på utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service

Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

HEDER NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ

Varm. Lokal. Erfaren. Åpen.

Marit K. Haukeland Marita Haukeland Solvi H. K. Mjos Therese Kvalheim

Tlf: 56 37 14 10 • www.nordh-bb.no • Kyrkjevegen 1, Alversund • Havnevegen 3, Frekhaug

RESTAURERING AV TO SJELDNE GRAVMINNER på Austrheim gravplass

For fleire år sidan vart Austrheim Sogelag spurd om å ha med ein representant til å utarbeide ny Verneplan for gravplassane. Sogelaget svarte ja, og Liv Ulvøy vart med. Ein del av oppgåva vår var å velje ut gravstøtter for varig vern. I den prosessen såg vi på dei spesielle støttene med metallkransar. Også kalla sølvkransar. Ved å lese om desse kransane fann vi ut at dei er sjeldne ved at dei berre vart brukt ein viss tidsperiode, og mange er oppbevarte i museum eller inne i kyrkjene.

Gravminna det her er snakk om er på Johannes og Oline Lerøen og Arnt M Njøten. Johannes og Oline flytta til Austrheim frå Øygarden. Johannes var ei drivkraft i opprettinga av eit notlag i Austrheim, og det er notlaget som sørga for at gravminnet til Johannes og Oline fekk ein sølvkrans. Arnt døydde berre 33 år gamal av tuberkulose, men rakk likevel å opna landhandel og post på Njøten.

Soknerådet sa seg einige med gruppa i at desse måtte kostast oppussing på. Teksten som står på sløyfene var ikkje lesbart, noko som var viktig å få fram. Vi kontakta gullsmed Hilde Rønning Rongevær til å sjå på kva som kunne gjerast med dei. Den eine kransen reinsa ho, mens den andre sendte ho til Oslo til fornikling.

Det viste seg når vi tok kransane ut hadde den eine vore sydd fast på ei plate dekt med fløyel. All fløyel på framsida var morkna vekk gjennom tidens tann.

Så var neste oppgåve å få tak i fløyel og sy den på plata og legge kransen på den. Nytt herda glas er sett på begge gravstøttene. Desse to støttene er av marmor og måtte reinsast før vi kunne sei at jobben var gjort. Gunnar Nilsen hadde restaureringsjobben, og sogelaget har betalt for oppgraderinga av begge desse to gravminna.

No står desse gravminna plassert ved sida av kvarandre på gravplassen og dei er bestemt verna for ettertida.

Tekst: Liv Ulvøy/Leif Arne Økland



Eldredag 2024

Tysdag 1. oktober 2024

Austrheim eldreråd inviterer alle pensjonistar m/ følgje til markering av eldredagen 2024

Festsamvær i Kilstraumen kl. 15.00
UNDERHALDNING OG MIDDAG



Underholdning ved Gabriel Fliflet, Jørgen Sandvik og Annlaug Børsheim

Kjersti Isdal fortel frå boka si « Segner frå Nordhordaland »

Bindande påmelding til Austrheim kommune, servicekontoret
tlf. 56 16 20 00frist 17. september
Pris: kr 300.- drikke betalar du sjølv
Meld frå om du har noko form for matallergi.

Velkomen!

Arr: Austrheim eldreråd